

---

**Saksnr:** 2022/486-224  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

---

**Saksgang**

| Utval                         | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|-------------------------------|-------------|------------|
| Styret for Fagskulen Vestland | VS 21/25    | 30.09.2025 |

**Høyringsuttale - Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse**

## Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å sende høyringsuttale om regional plan for verdiskaping og kompetanse som det kjem fram av saksutkastet.

## Samandrag

Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal gi overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland. Planen er eit viktig styringsverktøy for fagskulen, og styret vil gje høyringsuttale innan fristen 10.10.2025.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal gi overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland. Dette planarbeidet går parallelt med planarbeid for ny regional plan for areal og mobilitet, og dei to planane heng tett saman. Medan Regional plan for areal og mobilitet omfattar den fysiske utviklinga og infrastrukturen i Vestland, skal Regional plan for verdiskaping og kompetanse gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for andre strukturar og fasilitetar som gir grunnlag for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland.

Planen skal vere ein strategisk reiskap for å møte framtidige utfordringar og moglegheiter i regionen. Fylkeskommunen skal sikre samordning og samarbeid i gjennomføring av statleg, fylkeskommunal og kommunal politikk på området i Vestland, og bidra til å mobilisere heile næringslivet til brei innsats for å nå felles mål. Planen finn ein her: [Regional plan for verdiskaping og kompetanse](#).

Planen skal legge eit grunnlag for at verdiskapings- og kompetansearbeidet bidreg til å oppnå måla i Utviklingsplan for Vestland som vart vedteke i fylkestinget 12.12.2024. Sistnemnde plan er den overordna framtidsplanen for samfunnsutviklinga i heile fylket, og har følgjande fire målsettingar:

- Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn
- Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket
- I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga
- Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning

Meir informasjon om utviklingsplanen finn ein her: [Utviklingsplan for Vestland 2024–2028](#).

### Høringsprosess knytt til Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Fristen for å gje høyringsuttale er sett til 10.10.2025 og skal sendast inn digitalt fordelt på fire avsnitt i forslaget til planprogram som følger:

- Rammer og føringar (kap. 2).
- Plantema (kap. 3).
- Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen (kap. 4)
- Oppfølging av planen (kap. 5).

I tillegg er det mogleg å legge inn andre kommentarar i feltet «Anna».

### Høringsuttale frå styret for Fagskulen Vestland

#### Rammer og føringar

Av planutkastet kjem det fram at lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) er ei av fleire viktige overordna føringar for regional plan for verdiskaping og kompetanse. Styret er samde i at fagskulelova er ei viktig og sentral overordna føring sett opp mot fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar for fagskulesektoren og eigarskapet til Fagskulen Vestland. Fagskulelova med tilhøyrande forskrifter skal igjennom større endringar dei komande åra som ei følgje av vedtak i stortinget om stortingsmelding 11 (2024-2025) *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning*. Meldinga presiserer fylkeskommunane sitt forvaltningsansvar knytt til fagskulesektoren i samband med ansvaret for kompetansopolitikk. Fagskulesektoren er såleis eit heilt sentralt verkemiddel i regional utvikling, verdiskaping og kompetanse.

### Plantema

Planutkastet syner til svært viktige plantema for regionen, og Fagskulen Vestland kan vere eit sentralt verkemiddel til desse. Fylkeskommunane har i tråd med fagskulelova (§ 3) ansvar for å sørkje for at det vert tilbydd akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette skal fylkeskommunen ivareta gjennom kompetansepolitiske planar og tilskotsordninga med driftsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning. Tilskotsordninga er retta både mot offentleg og privat fagskuleutdanning. Vestland fylkeskommune er samtidig skuleeigar av Fagskulen Vestland er ei av dei største offentlege fagskulane i landet, og ei av fagskulane som har størst geografisk spreiding av utdanningstilbod i ein region. Fagskulen Vestland har eit stort tal studentar innan tekniske fagområde, og er i tillegg størst i landet på maritim fagskuleutdanning. Tekniske og maritime fagskuletilbod er heilt avgjerande for næringslivet i vår region, og maritime fagskuletilbod er i tillegg særleg viktig i samband med samfunnssikkerheit og beredskap.

Fagskulen Vestland er organisert med eit eige styre i tråd med krava i fagskulelova, og styret er oppnemnt av fylkestinget. Fylkeskommunen har ikkje same styringsordning for dei vidaregåande skulane, der ein kan styre meir direkte. Derimot har fylkestinget mellom anna høve til å styre gjennom kompetansepolitiske planar og forvaltning av tilskotsordningar retta mot sektoren. Av planutkastet kjem det fram kva forventingar og strategiar fylkeskommunen har for vidaregåande skulesektor, men det kjem ikkje fram kva forventningar, eller ambisjonar fylkeskommunen har for fagskulesektoren og Fagskulen Vestland. Planen bør sette klare ambisjonar for kva Fagskulen Vestland og fagskuleutdanning skal bidra med i høve til verdiskaping og kompetanse, og fylkeskommunen må skaffe seg eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om fagskulen som verkemiddel for innovasjon, kompetanseutvikling og verdiskaping, slik at Vestland fylkeskommune som skuleeigar kan nytte seg av Fagskulen Vestland sine naturlege fortrinn i vår region.

Med riktig satsing, målsetting og strategi for Fagskulen Vestland kan fylkeskommunen aktivt nytte fagskulen og kompetansetilboda til å styrke regionen i tråd med plantemaa, og planprogrammet kan då vere eit tydeleg styringsverktøy for fagskulen, slik den er meint å vere for dei vidaregåande skulane.

### Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen

Planutkastet syner til eit godt utval av kunnskapskjelder som skal nyttast vidare i planarbeidet, og deriblant Stortingsmelding 11 (2024-2025) *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning*. Styret for Fagskulen Vestland er glad for at den komande stortingsmeldinga for fagskulesektoren er ein del av kunnskapsgrunnlaget, men vil oppmoda til at lov om høyere yrkesfaglig utdanning også vert følgt opp i vidare planarbeid og komande handlingsprogram.

Stortingsmeldinga vil føre til store endringar i fagskulesektoren. Fagskular skal kunne søkje om å bli institusjonsakkreditert som vil gjere at ein fagskule skal kunne utvikle og tilby nye utdanningar innan alle fagområde på eigen fullmakt. I dag er det berre mogleg å få eigne fullmakter innan spesifikke fagområde, og akkrediteringar utover dette vert gjort av NOKUT som har lang sakshandsamingstid. Med ei institusjonsakkreditering vil fagskulane raskt kunne utvikle og tilby nye utdanningstilbod i tråd med kompetansebehovet i regionen.

Gjennom den vedtekne stortingsmeldinga skal fagskular no også få moglegheita til å utvikle og utdanne fagarbeidarar på et enda høgare nivå enn i dag. Dette kan vere i form av både korte spesialiseringar eller som ein yrkesbachelor eller yrkesmaster, som vil gi arbeidslivet i regionen tilgang til høgare kompetanse og spesialisering i ein arbeidsmarknad som stadig set nye krav til teknologi, digitalisering, innovasjon og berekraft.

Fagskulane sitt samfunnsoppdrag skal også vidareutviklast gjennom endringar i fagskulelova. Dagens formålsparagraf seier lite om kva samfunnsoppdraget til fagskulane er, den seier berre kva samfunnsoppdraget til fylkeskommunen er og kva ein fagskuleutdanning er. I motsetnad har universitets- og høgskulelova eit tydeleg samfunnsoppdrag for universiteta og høgskulane.

Regjeringa og stortinget har store ambisjonar og viktige satsingar for fagskulesektoren, og dette må speglast i fylkeskommunen sine eigne satsingar for eigen skule. Stortingsmeldinga syner til at nokre fagskular gjerne kan få eit utvida samfunnsoppdrag knytt til innvoasjon og systematisk

utvikling i samarbeid med arbeidslivet. På same måte som universiteta og høgskulane (UH-sektoren) skal drive forskning av høg kvalitet, kan fagskular få i oppgåve å drive med anna FoU verksemd som et viktig og komplementært oppdrag til UH-sektoren.

I lys av dette bør fylkeskommunen bidra til å legge til rette for at Fagskulen Vestland kan bli ein kraftfull utdanningsinstitusjon som kan vere ei motor innan innovasjon og kompetanseutvikling i regionen.

#### Oppfølging av planen

Styret har ikkje innspel til korleis planen skal følgjast opp, men legg til grunn at satsinga på fagskulesektoren speglar vidare handlingsprogram og vert ein sentral del av fylkeskommunen sit verkemiddelapparat for måloppnåing.

#### Vedtakskompetanse

Regional plan for verdiskaping og kompetanse er på open høyring.

#### Konklusjon

Rektor vil tilrå at styret vedtek saka som den ligg føre, og at administrasjonen sender høyringsinnspel frå styret i tråd med saksframlegget.